

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 22.11.2018 kl. 16.05

Møtestad: Formannskapssalen, kommunehuset

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Helge Kvame, Anne Melgaard Tårn og Eva Rinde Habostad.

Ikkje meldt forfall: Ole Jørgen Sve

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Anne Nygård.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 21/18 Godkjenning av møtebok frå møte 13.09.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 13. september 2018 blir godkjend.

Sak 22/18 Val av tema for Forvaltingsrevisjon 2019 – oppfølging av sak 19/18.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 15.11.2018

Saka vart lagd fram utan tilråding til vedtak.

Leiar Inge Gjærde fremma på vegne av utvalet følgjande forslag:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen utarbeide ei prosjektskisse for forvaltingsrevisjon som omhandlar kommunen som tenesteleverandør og utøvar av mynde overfor sårbare grupper. Denne skal vere basert på oppdatert overordna analyse, og avgrensa til kvalitetskrav i barnehage og i skulesektoren.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber kommunerevisjonen utarbeide ei prosjektskisse for forvaltingsrevisjon som omhandlar kommunen som tenesteleverandør og utøvar av mynde overfor sårbare grupper. Denne skal vere basert på oppdatert overordna analyse, og avgrensa til kvalitetskrav i barnehage og i skulesektoren.

Sak 23/18 Revisjonsstrategi 2018 Stranda kommune.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 15.11.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2018 for Stranda kommune og peiker på at det er viktig at dette blir teke med vidare.

Sak 24/18 Oppdatert orientering frå Kommunerevisjon 3 om fusjonsplanar.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 15. 11.2018

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Stranda kontrollutval tek orienteringa frå Kommunerevisjon 3 til vitande, og forventar å bli halde orientert om prosessen vidare.

Sak 25/18 Møteplan 2019 for Stranda kontrollutval.

Kontrollutvalet vedtok samrøystes følgjande møtedatoar for 2019:

12. februar, 8. april, 20. mai og 20. august, alle dagar kl. 16.05.

Møtet vart avslutta kl. 17.35.

Inge Gjørde
leiar

(sign.)

Helge Kvame
nestleiar

(sign.)

Anne Melgaard Tårn
medlem

(sign.)

Eva Rinde Habostad
medlem

(sign.)